

# KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND [sjurhagbring@gmail.com](mailto:sjurhagbring@gmail.com)

## Kompositorisk nattugle

Komponisten Nikolaus von Krufft var statssekretæren til ein av dei viktigaste maktpolitikarane på 1800-talet.

### CD OG BLU-RAY



FERDINAND RIES, FRANZ DANZI, NIKOLAUS VON KRUFFT:

### Early Romantic Horn Sonatas

STEINAR GRANMO NIELSEN, NATURHORN; KRISTIN FOSSHEIM, HAMMARKLAVER. 2L 2015

Dei fleste nye CD-ar inneheld musikk som er spela inn mange gonger før. Det er difor forfriskande at Steinar Granmo Nielsen på naturhorn (eit

gamalt, ventillaust valthorn) og Kristin Fossheim på hammarklaver (forgjengaren til det moderne flygelet) her gjev oss tre langt på veg ukjende komponistar. Den mest ukjende er Nicolaus Freiherr von Krufft (1779–1818), som her er representert med *Sonate i E-dur for horn og klaver*. Han var ei nattugle av ein komponist – på dagen arbeidde han som statssekretær i Wien for ein av dei førande europeiske statsmennene i byrjinga av 1800-talet, den vidgjetne (og illgjetne) austerrikaren Klemens von Metternich. Komponera kunne von Krufft difor berre på natte-

tid. Særleg tiltalende er midtsatsen i sonaten hans, «andante espressivo», som dei to norske musikarane framfører med varsam uttrykt sår lengt. Musikalsk kan me kalla von Krufft ein tidlegromantikar. Det er difor interessant å tenkja på paradokset med at sjefen hans, von Metternich, var ein nådelaus motstandar av alle tidlegromantiske idear, desse som hegna om nasjonalisme, liberalisme og gryande folkestyre.

### SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmeldar i Dag og Tid.



Klemens von Metternich (1773–1859) leidde Wienerkongressen for akkurat 200 år sidan. Foto: Eremitasjen i St. Petersburg



Steinar Granmo Nielsen spelar på naturhorn, det ventillause forgjengarinstrumentet til dagens moderne valthorn. Foto: Morten Lindberg